

ÅRSMELDING FOR INDRE NORDMØRE FORSVARSFORENING (INF) FOR ÅRET 2019

Styret har i meldingsåret 2019 hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Ivar Edmund Vatn, styremedlem.

(Halvor Flatekval og Ivar Edmund Vatn er på val).

Varamedlemer: Nils Johan Rodal og Leif Kristian Bøe.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen.

Møteverksemd

I året er det halde 3 styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 01.03.19. Områdesjef i HV gjennom mange år, Stig Cato Magnussen, orienterte om forsvaret og HV si rolle og erfaringane frå den store NATO-øvinga som blei gjennomført hausten 2018.

Aktivitetar i året

Aktivitetane starta med at INF gjennomførte prøve til Norges Skiskyttarforbund sitt skiskyttarmerke etter militært program på Toreseter 19.01.19. Som i tidlegare år hadde Olav Jostein Holten laga ei velpreparert løype. Tidtakar var Magne Wigum. Det var tre deltakarar med. To i klassen med militære ski og uniform/kamuflasjedrakt og ein deltakar i klassen for sivile ski og med sivil bekledning. Ved denne merkeprøven oppnådde Johs. J. Vaag krava til Norges Skiskyttarforbund sin Heiderspris i gull til skiskyttarmerket, som den første i Norge.

INF var medarrangør for konferanse i Molde 15.02.19. Tema var mellom anna sivil beredskap.

Folk og Forsvar arrangerte sin årlege dagskonferanse i Molde 19.02.19. Mange frå INF deltok på konferansen.

Skiskytingens Dag blei gjennomført i regi av INF ved skiskyttaranlegget på Nordmarka 16.03.10. Det var grei deltaking. Dette blei siste gong INF arrangerte Skiskytingens Dag på denne staden. Grunnen er at anlegget forfell og at Surnadal idrettslag har gitt bort speakerbua slik at INF sine medlemar som står for dette arrangementet denne dagen må halde til utandørs uansett ver. I

si aktivitetsplan for året 2020 har styret vedtatt at Skiskytingens Dag skal leggest til Gravvold i Bæverdalen.

Det var dugnad på Krigsminnesamlinga dagane 03. og 04.05.19. Fekk da utført ein del målingsarbeid på uthuset. Veret gjorde at vi måtte utføre førefallande arbeid inne. Det var bra oppmøte på dugnaden begge dagane. Vasking kom nokre dagar seinare ved Johanne Holten.

Befaringar ved Hanem gravstad og Straumsnes kyrkje for å førebu markeringar av 8. mai i Tingvoll blei føretatt 01.04.19.

08.05.19 var det markering og kransnedlegging på 2 gravstader på Hanem. Vidare var det markering og nedlegging av krans på 2 gravstader ved Straumsnes kyrkje. Deretter var det sosialt samvær på Fjordkroa på Aspøya. Alf Sollid viste film frå Gratangen. Det var servering av karbonadar og prat rundt borda. Dette arrangementet var eit samarbeid mellom INF og Nordmøre Brigadeveteranforeining. Alle veteranar var inviterte og mange møtte opp. INF og Nordmøre Brigadeveteranforeining tek sikte på å gjenta programmet og markeringa i 2020.

17.05.19 la leiar i INF på krans ved grava til Halvard Røen som fall i Gratangen 24.04.40. Leiaren tok på seg dette oppdraget etter oppmoding frå kyrkja.

25.05.19 var det open dag på Krigsminnesamlinga ved bygdemuseet på Åsen. Unge og eldre var innom heile dagen. Johanne Holten ordna med kaffi og bakels.

07.06.19 var det orientering på Krigsminnesamlinga for 9-klassingar frå Surnadal ungdomsskole. Opplegget og gjennomføringa var eit samarbeid med Nordmøre museum. INF takkar for godt samarbeid i denne samanhengen. Det vart orientert om andre verdskrigen slik den fortona seg i vårt nærrområde. Olav Jostein Holten og Kristian Henden sto for orienteringa, slik dei har gjort så mange år tidlegare. Røynslene er at Krigsminnesamlinga eignar seg svært godt til dette føremålet.

14.-16.06.19 deltok leiar Olav Jostein Holten på Norges Forsvarsforeining sitt landsmøte i Stavanger. Leiar Holten reiste fram og tilbake på strekninga Oppdal – Stavanger med tog.

26.06.19 var det studievandring for å sjå på krigsminne frå andre verdskrigen i Surnadal. Opplegget var i samarbeid med Nordmøre Brigadeforeining. Dagen blei avslutta på Krigsminnesamlinga med varm mat. Johanne Holten sto for

kjøkkenet og hadde alt klart da dei som deltok på vandringa kom til Krigsminnesamlinga.

29.06.19 var INF representert med stand på Øramartnaden. INF var til stades frå morgon til kveld. Publikum såg i alle fall at INF var der og enkelte kom innom standen.

14.09.19 var det militærhistorisk vandring på Øye i Surnadal. Surnadal vidaregåande skole var samlingsstaden. Øyvind Holte og Sjur Fedje orienterte om tyske anlegg særskild på Øye-området og elles i Surnadal. Mange møtte opp og var med på vandringa.

28.10.19 var det ei tilstelling på Hammerstuene i samband med at INF sin mangeårige sekretær, Johs. J. Vaag, hadde oppnådd krava til skiskyttarmerket sin heiderspris i gull som den første i Norge. Utdelinga blei føretatt av visepresidenten i Norge Skiskyttarforbund, Lisbeth Gederaas. Gederaas hadde tatt turen frå Stjørdal i dette høvet. Ho heldt tale, overrekte blomar og tildelte utmerking. Leiaren i INF heldt og tale og avslutta med å overrekke blomar til Vaag si kone Bodil. Johs. J. Vaag takka for tildelinga og fortalde litt om utviklinga innan skiskyttarsporten slik han hadde opplevd det frå 1950-talet og fram til i dag. Vaag takka og for at hans næraste familie hadde blitt invitert til denne samkoma. Styret i INF med ektefellar var og til stades ved tilstellinga.

31.10.19 var det temamøte på Surnadal hotell. Stabssersjant Numcik frå Brigade Nord orienterte forsamlinga om Brigade Nord i fortid og mest i notid.

Etter styremøtet 06.12.19 på Hammerstuene var det årsavslutning. På dette møtet orienterte leiaren om hæverket på kommandobunkersens ved Kyrkjelydshuset på Skei. Hæverket blei meldt til politiet av leiaren i INF. Hendinga var førstesidestoff i avisa Driva av 24.07.19. Styret avslutta møtet med ein juletallerken saman med ektefellane. Nestleiar Lars Indreiten takka på vegne av styret for det store arbeidet leiar Olav Jostein Holten også i dette meldingsåret hadde lagt ned. Indreiten avslutta med å overrekke blomar til Holten frå INF.

INF er medlem av Trollheimssporten og Todal.no. Lars Jostein Bævre er INF sin kontaktmann med desse to nettavisene.

Styret finn grunn til å takke Sjur Fedje for det arbeidet og den støtta han har gitt INF i meldingsåret.

Leiaren takkar styret for godt samarbeid.

Aktivitetsplan for 2020

Styret i INF vedtok på styremøte 06.12.19 slik aktivitetsplan for året 2020:

14.02.20: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

14.03.20: Skiskytingens Dag på Gravvold i Bæverdalen. Tidsrom frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

08.05.20: Kransnedlegging på Hanem gravstad og Straumsnes kyrkje. Dette er eit opplegg i samarbeid med Brigadeveteranforeininga. Etter markeringa blir det samling på Fjordkroa kor det blir filmframvising ved Helge Husby og matsservering.

05.06.20 og 06.06.20: Dugnad på Krigsminnesamlinga. Oppstart kl. 12.00. Slutt kl. 16.00.

13.06.20: Open dag på Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

Ultimo juni 2020: Øramartnaden.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar ved 9. klasse på ungdomsskolen. Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Medio desember 2020: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

Til hausten blir det lagt opp til eit temamøte, slik det har vore gjort dei siste åra.

INF tek sikte på å halde fram med samarbeidet med Nordmøre Brigadeforeining. Til sommaren blir det lagt opp til ein tur etter same opplegg som tidlegare. Nærare informasjon om turen vil kome seinare.

Oppsummering

Året 2019 har vore eit aktivt år for INF og forsvarssaka. Styret i INF vil takke alle for innsatsen i året som har gått og håper på eit like aktivt år i 2020.

Olav Jostein Holten

Leiar

Johs. J. Vaag

Sekretær